

# ÅRSMELDING 2024

## VALLDAL IDRETTSLAG

### Styret 2024

|                         |                                 |
|-------------------------|---------------------------------|
| • Magne Eivind Glomnes  | leiar                           |
| • Erlend Ringstad       | nestleiar                       |
| • Lars Petter Hauge     | kasserar                        |
| • Monika Høydal Lingaas | skrivar                         |
| • Malene Vinsnesbakk    | styremedlem, ansvarleg klubbhus |
| • Vibeke Valdal Myeza   | nestleiar friidrett/trim        |
| • Jan Ole Fuglem        | leiari ski                      |
| • Terje Hoel            | leiari fotball                  |
| • Richard Moen          | leiari disk sport               |
| • Børge Heggen Johansen | 1. varamedlem                   |
| • Liv Marit Indreeide   | 2. varamedlem                   |

2024 var eit normalår med tanke på moglegheit for aktivitet.

### Årsmøte - styrearbeid

Det har vore gjennomført 5 styremøter i 2024 med totalt 35 saker på saklista.

I tillegg har det vore 4 møter i arbeidsutvalet. Det blir no gjennomført annankvart møte med heile styret og annankvart møte i arbeidsutvalet. Alle styremøte har vore gjennomført på klubbenhuset. 1.varamedlem er alltid innkalla og møter vanlegvis på styremøte.

Årsmøte for 2023 vart gjennomført 20. mars 2024 på klubbenhuset. I tillegg vart det halde fortsetjande årsmøte 29. april for å godkjenne fotballgruppa og informasjon om status i saka om festeavtale.

### Skylagring og heimeside

Det er mogleg å logge på klubbadmin og lagre dokument der. Det blir jobba med å få betre mappestruktur/oversikt. Referat frå styremøte og annan informasjon må i tillegg vere tilgjengeleg på heimesida. Bruk av heimesida er fortsatt for tilfeldig, og det må jobbast med å bruke den meir aktivt. Det same gjeld idrettslaget si facebookside som er tatt meir i bruk, men fortsatt forbetringspotensiale. Gruppene sine facebooksider fungerer bra.

### Medlemmar

I 2024 var det registrert 263 betalande medlemmar. Dette er om lag uendra frå 2023.

Det har vore fokus på å gå gjennom medlemslistene og syte for at dei som er aktive har betalt medlemskontingent for 2024. Det er framleis ei utfordring at ikkje foreldre/føresette melder seg inn saman med barn/barna.

Det skal ikkje vere aktive i idrettslaget som ikkje betalar medlemskontingent. Konsekvensen, Jf. vedtekten, må vere at dei som ikkje betalar får sletta medlemskapet og ikkje kan delta på organiserte aktivitetar som idrettslaget tilbyr.

Laget brukar Klubbadmin for registrering av medlemskap, innkreving av kontingent og oppfølging av betaling. Gjennom Klubbadmin ivaretak laget også krava om personvern ved registering og handtering av medlemsopplysningar. For nokre medlemmar kan det vere ein

”terskel” å bruke Min Idrett, men det er fullt mogeleg å tilpasse og avtale utsending av medlemsfaktura og framleis vere innanfor regelverket.

Valldal idrettslag har fem æresmedlemmar; Inger Aufles, Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Lars Ivar Henriksen og Einar Hoel.

### **Representasjon**

Valldal IL har delteke i dialogmøte for frivillige lag i Fjord kommune.

På årsmøte i Fjord idrettsråd møtte Magne Eivind Glomnes.

Einar Hoel er leiar i idrettsrådet

### **Bygg og anlegg**

I 2024 har det ikkje vore utført store arbeid med anlegg og utbygging.

### **Anlegg for ski og skiskyting**

Arbeidet med realisering av nytt skiskyttaranlegg på Grønningsæter/Høghjelle held fram, men har stoppa opp på grunn av manglande godkjenning og tinglyste avtalar. Løyper og lys er forventa snarleg godkjenning på. Det blir sendt ny dispensasjonssøknad om standplassen.

### **Kunstgrasbana**

Vidare er det viktig å halde jamt tilsyn og vedlikehald med bana.

### **Klubbhuset**

Med varmepumpe installert oppe i 2023 er det no ein god og jamn temperatur i huset. Det er gjort lite arbeid inne på klubbhuet i 2024, men ein liten lekkasje ved skorsteinen er tetta.

### **Hjartestartar**

Hjartestartaren er plassert ved inngangen på Nordsida av klubbhuet. Den er registrert i hjartestartarregisteret.

### **Hoppbakkar på Myklebust**

Metall og diverse vart fjerna frå hoppbakken våren 2022. Det gjenstår noko opprydding som må fullførast snarast mogleg.

### **Valldal stadion**

På årsmøtet 2021 vart det vedteke å starte arbeid med utgreiing av fast dekke frå friidrettsdelen på Valldal stadion. Dette har fortsatt ikkje kome i gang enno.

Valldal idrettslag fekk tilbod om å kjøpe festetomt 10/1/4 og 10/1/5 Valldal stadion. Saka var oppe på årsmøtet i fjar og det vart sendt brev til kommunen om å kjøpe ut tomta eller dekke årleg festeavgift. Fjord kommune vedtok i haust å dekke den årlege festeavgifta. Festeavtalen på 10/1/4 går ut i 2033.

### **Ressursgruppa**

Gruppa har også i 2024 utført diverse oppgåver ved klubbhuet og på stadion. Målingsarbeid, rydding og diverse andre oppgåver er utført i 2024. Det er viktig at denne gruppa får ulike oppdrag dei kan utføre utifrå talet på personar som er tilgjengelege. Gruppene må også kome med konkrete ønske. Dei fekk blomster til jul som takk for den jobben dei gjer. Valldal IL takkar igjen ressursgruppa for den innsatsen dei gjer for idrettslaget.

## **Stiar og råser i Valldal**

Valldal idrettslag har avtale med kommunen om skilting og rydding av råser i bygda. I dette arbeidet ligg det også å utarbeide ein skiltplan. Det vart oppnemnd ei arbeidsgruppe som starta arbeidet i 2021 og som har arbeidd vidare. Det er no innvilga spelemedilar på kr 300.000 til dette, og planen er å sende bestilling på nokre skilt i løpet av 2025.

## **Allidrett**

Allidrett heldt fram første halvår 2024 med samling kvar måndag. I starten av året var det også tilbod på stadion der skigruppa var med og organiserte. Midlar frå Sparebanken Møre til formålet har vore nytta til å betale unge instruktørar. Tre elevar frå idrettslinja på Stranda vgs har teke seg av instruksjon og leiing. Om lag 15 barn i alderen 6-9 år har vore med, men oppslutninga har variert frå gong til gong. Det var ikkje allidrett hausten 2024.

## **Tilsette**

Olav Løvoll var tilsett som dagleg leiar i 30 % stilling. Han sa opp stillinga si og slutta 31. mai. Det vart drøfta på årsmøtet i fjor om ein har råd til å ha dagleg leiar vidare. På grunn av den økonomiske situasjonen vart det bestemt at ein avventar eventuell ny utlysing. Anne Gry Myklebust Vestre har ansvar for reinhald på klubbhuset. Anders Rem utfører ein del førefallande arbeid på klubbhuset.

## **Arrangement**

**Bygdafesten** på Martin Linge Huset vart igjen arrangert i 23. mars og Valldal idrettslag stilte med 18 personar til ulike oppgåver.

**Marknad** vart halde 6. april og det var bra oppslutning og godt økonomisk resultat.

**Mefjellet opp** vart arrangert 21. juli 2024. 77 deltakarar i konkurransklassane og ca 50 i mosjonsklassane.

**Olsokarrangementet 27. juli 2024** vart arrangert i samarbeid med Valldal Lions-club, Valldal Hornmusikklag, Valldal Bygdekvinnelag og Valldal Helselag, der dei ulike laga hadde ansvar for ein aktivitet kvar. Laga fekk inntekter av eigen aktivitet.

## **Jordbærdilten og minidilten**

Jordbærdilten er fast aktivitet på programmet i olsokhelga. Det starta med Minidilten, der godt over 100 barn i alderen 2-10 år deltok og fekk medalje. Etterpå var det 71 deltakarar i konkurransklassa og om lag like mange i trimklassa utan tid.

Lotteriinntekter var felles inntekt og delt likt mellom laga.

Sponsorinntektene vart hovudsakleg inntekt for Valldal idrettslag.

## **Økonomi**

Samla rekneskap for 2024 viser eit positivt resultat på 144 491.

Auka inntekter og innsparte lønsmidlar er hovudårsakene til positivt resultat.

Det har vore gode faste inntekter frå kulturmidlar Fjord kommune, Grasrot andelen frå Norsk Tipping, lokale aktivitetsmidlar, mva kompensasjon i 2024. I tillegg er det gode inntekter frå sponsorar og støttespelarar og leigeinntekt på klubbhuset.

Samla inneståande på konto og i kasse pr 31.12.24 var om lag 2.028.000 kr. Av dette utgjer gávekonto til nytt anlegg på Grønningsæter/Høghjelle 629 076 kr.

Sjå detaljar i balanse og driftsrekneskap i rekneskapen for 2024.

Vi vil takke alle som støtta og hjelpt Valldal Idrettslag også i 2024. Mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om å bidra. Det er også stor grunn til å takke alle som tek på seg verv, leiarar og trenrarar, dei som står i kiosk og kafé, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.

# ÅRSmelding 2024 – Valldal IL Disksport

## Styret

- Richard Moen (leiar)
- Linda Frostad Lødøen (kasserar)
- Bjarte Grønningsæter (styremedlem)
- Henrik Engeseth Andersen (styremedlem)
- Karoline Nerli (styremedlem)

## Styrearbeid

Styret har berre hatt eitt møte i 2024 og det var 29. februar.

## Tal på medlemmar og aldersfordeling

Gruppa har 25 registrerte medlemmar, fordelt på sju kvinner og 18 menn. Vi har ein person i alderen 13-19 år, fire i alderen 20-25 år og 20 i alderen 26 år og oppover.

## Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Klubben eig 18 utkastskilt, tre faste korger, to flyttbare korger og seks utkast. Vi har også eit dobbeltskap på Martin Linge-huset med fangnett, radar fartsmålar og 29 diskar. I tillegg har vi også ei ryddesag og ei teleskopisk greinsaks. Det har vore fortløpende dugnadar gjennom sesongen.

## Arrangement

Vi har gjennomført Vekas runde 26 gongar, Søndagsrunden 25 gongar, Vårslepp, Jemtegård Open og Klubbmesterskap. Det var 53 deltarar på Vårslepp (del av Sunnmørstouren) og 46 deltarar på Jemtegård Open. Klubbmesterskapet (13 deltarar) var den offisielle avslutninga på sesongen, med brus og pizza til både deltarar og familie.

## Aktivitet, trening, konkurransar

Aktiviteten på banen er høg. I følgje Udisc.com var det over 1200 unike spelarar i 2024. Dei spelte over 4700 rundar. Så veit vi at vi sjølv brukar Metrix til å føre rundar. På vinteren har vi treningsstid i hallen og øver på putt og innspel.

## Resultat

Terese og Eirik blei klubbmeistrar for kvar sin klasse. Eirik vann Vekas runde og Søndagsrunden også.

## Økonomi

Robust Regnskap og Revisjon AS sponsa oss med 10.000 kroner. Mykje av desse pengane gjekk til Jemtegård Open og Vårslepp, men ein del gjekk også til innkjøp av bensin og utstyr.

Gruppa hadde per 31.12.23 inneståande på konto 62.964,88 kroner. Vi har hatt kostnadar på 30.966 kroner og inntekter på 33.600 kroner. Dette gjev eit overskot på 2.634 kroner. Vi har per 31.12.24 inneståande på konto 61.608,23 kroner. 3.990,65 kroner er antakeleg interne føringer i laget.

Valldal 10.03.25

## **Valldal I.L. fotball**

### **ÅRSMEDLING 2024**

#### **Styre**

Caroline Bertha Remset, styremedlem  
Nina Sjøblomstyremedlem  
Terje Hoel, leiar  
Olav Løvoll, sekretær  
Peder Iver Linge, kasserar og nestleiar

Dommaransvarleg - Anders Rem  
Baneansvarleg – Anders Rem  
Drakt og utstyr – Nina Sjøblom  
Kiosk - Caroline Berta Remseth

#### **Styrearbeid**

4 styremøter og 1 lagleiarmøte  
En frå styret har møtt i hovudstyremøter  
Saker som styret har jobba med

- Trenarkabal
- Påmelding
- Fiks
- Støtte til lag på cupar/turnering
- Drakter og utstyr
- Diverse lagsarbeid

#### **Tal på aktive,**

Det var på det meste ca 70 aktive barn og ungdom,, 7 barne og ungdomslag,

#### **Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald –**

Dugnadsoppgåver har vore fordelt til laga.  
Kiosken har vore open på heimekamper.  
Det har blitt kjøpt inn nødvendig utstyr/drakter ved behov.

#### **Aktivitet, trening, konkurransar**

G7, G8, G9 deltok på miniturneringar  
J12, J14, G11, G14, deltok i seriespel.  
Nokre lag deltok på Tarecup  
Alle laga har hatt faste treningstider på ML huset og KGB

#### **Økonomi**

Regnskapet for 2024 viser eit underskudd på kr 14609,- . busjettet var 2000,- overskudd.  
Vi har hatt lavare inntekt på alle postar en budsjettet men også lavare kostnader til idrettsaktivitet. Derimot har vi brukt meir enn 20000 meir på vedlikehald av anlegg enn budsjettet, i hovudsak er det kostnader til dyprens og service på kunstgrasdekket. Dette er kostnader som ikkje kjem kvart år.

## ÅRSMELDING 2024

### VALLDAL IL - SKI

#### **Styret-**

- |                             |                      |
|-----------------------------|----------------------|
| • Jan Ole Fuglem            | Leiar ,              |
| • Anne Gry Myklebust Vestre | Nestleier;           |
| • Geir Arne Myren           | Kasserer,            |
| • Ragnhild Bjørstad Vikene  | Styremedlem,         |
| • Ragnhild Hoel             | Styremedlem          |
| • Per Jomar Nerli           | 1 Vara ( møter fast) |
| • Hans Martin Gjedrem       | 2 vara               |

Følgende arbeidsgrupper har fungert siste år

#### **Trakkemaskingruppe**

Terje Hoel  
Fridjon Døving  
Lars Petter Hauge  
Aksel Indreide  
Cristopher Schonnefeld

#### **Anleggsnemnd skiskyting**

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli  
Hans Martin Gjedrem  
Anne Gry Myklebust

#### **Skikafe/premienemnd**

Anne Gry Myklebust Vestre  
Ragnhild Bjørstad Vikene

#### **Programbladnemnd**

Per Jomar Nerli

#### **Treningsnemnd**

##### **(langrenn/skiskyting)**

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli  
Anne Gry Myklebust Vestre  
Tina Fuglem

#### **Sonekontakt**

Jan Ole Fuglem

#### **Tilsynsnemnd Lysløype**

Aksel Indreeide  
Terje Nerhus  
Magne Hoel

#### **Rennavvikling**

Anne Gry Myklebust  
Jan Ole Fuglem

#### **Nettside**

Magne Eivind Glomnes

### **Styrearbeid-**

Styret har møter etter behov, men jobber godt gjennom hele året. Gruppen fungerer fint oppgaver løses ved behov. Det er avholdt tre styremøter i løpet av året 2024

### **Representasjon-**

Sesongen (høsten) 2024 har Valldal IL hatt løpere på kretslag og team Tussa stryn VGS, Team 1,5 og team Intersport.

Kretslag, Laurits Linge Glomnes

Team Nordfjord (Styrn VGS) Heine Fuglem

Team 1,5 Eline Mathea Myren

Team Intersport Elida Fuglem

Storfjordlangrenn har ikke hatt fast samlingsopplegg men bidro til open kretssamling for løpere 13 år og eldre i Valldal

### **Aktive-**

ca 25 aktive er på trening fast i topp sesong som er november - mars. Aldergruppe 1 - 10 klasse. På skiskyttetreninger er vi i alt 14 aktive fra 4 klasse og eldre pluss at flere av dei som har vært med oss før stikker innom klubbrenn og treninger når dei kan .

Meget hyggelig med seks nye skiskyttrekrutter høsten 2024. Tre aktive på juniorsida i skiskyting og 1 i langrenn. Vi har noen ivrige «birkebeinera».

### **Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald-**

Det trakkes løyper ved behov og det varierer i hvor stor grad vi må kjøre løyper på reservearena eller på Omnos. Driftsutgiftene til trakking er store og det jobbes for å få på plass bedre økonomi som sikrer trakking av løyper. Det jobbes for å realisere nytt anlegg for Skiskyting og reservearena for langrenn. Nester trekk her er å få levert dispensasjonssøknad på nytt for å få dispans for området dere skiskyttrestandplass skal ligge. Løpenettet er betydelig utbedret og kan benyttes ved vesentlig mindre snø en før. Gjennstår noe grøfter og planering. Trakkemaskina er i godt vedlikehold og fungerer bra, Skjeldalfres brukes i størst grad høst ved tidlig snø. Det er kjøpt inn noe treningsutstyr dei siste åra. Laget har om lag 20 par skøyteski og 12 par rulleski til utlån. Gruppa eig sju skiskyttervåpen og to skivekikkerter. Vedlikehold trakkemaskin gjøres på dugnad. Vedlikehald lysløype årlig ved behov.

### **Arrangement-**

Laget arrangerte 3 cup renn i Storfjordcup, downhillcross og ett SBM cuprenn langrennscross distanse inkludert også barneskirenn. Sonerennet ble avlyst grunnet ufyselig ver. Årets største arrangement ble skifestivaldal med 132 deltakere, langrennscross runderenn for dei små og valgfrie distanser 2,5 , 5 og 10 km i runder a 2,5 km for dei større. Det ble en skifest.

### **Aktivitet, trening, konkurransar-**

Det har også i sesongen 2024 vore høg aktivitet i laget.

Vi startet opp med treninger for 1 klasse og eldre fra skulestart. Første del av høsten består av rulleskitrenings/ rulleskileik. Barmarksperioden går fra høstferien til snøen kjem og når vi har snø er det full fart på ski. Styrketrenings i MLH har vi fra høstferie til jul denne sesongen.

Tirsdager skitrening. Deltakere i utvalgte renn, fjorårets tall () .

- Midt Norsk langrenn: 2 (1) løper
- Hovedlandsrenn langrenn 1 (1) løper.
- Midt Norsk Skiskyting 13 år og eldre 1 (4) løpere
- Hovedlandsrenn skiskyting 1 (2) løper
- Liatoppen skiskyttterfestival , 12 (11)
- Ungdomsbirken 2 (3) deltakere
- Birkebeinerrennet 3 ( )deltakere
- NM rulleskiskyting 2 (1)
- Antall startende i SBM cup 11 år og eldre 8 løpere frå VIL
- Skifestivalvalldal 0 – 10 år 85 stk 11 år og eldre 50 stk. totalt 135 stk
- Antall startende i SF cup frå Valldal 46
- VM skiskyting 15 stk inkl dei frå andre klubber

Resultat –

#### Økonomi

| Hovudtal  | 2020    | 2021    | 2022    | 2023    | 2024    |
|-----------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Inntekter | 220 878 | 240 175 | 175 559 | 190 946 | 190 743 |
| Utgifter  | 141 381 | 141 381 | 241 429 | 229 574 | 183 620 |
|           |         |         |         |         | 7122    |
|           |         |         |         |         |         |

Ved årsavslutninga har gruppa inneståande i bank kr 86 010.- ( drift) 629 076 .- (anlegg)

I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Skigruppa har pr 31.12.20 kortsiktig gjeld på kr 0 langsiktig gjeld 0.-

#### ”Verd å nemne”

Det er kjekt å sjå at en del av dei som har vært med på ski og skiskyting oppover deltek på junior nivå. Årets beste prestasjoner var Heie Fuglem som tok sølv og Eline Mathea tok bronsje under Jr NM på Oppdal. Elida , Heine og Eline hadde fine sammenlagtplasseringer i årets norgescup. Alle tre topp 10.

Heine tok sølv i Jr NM rulleskiskyting

Vilja Fuglem fikk bronsje i Hovedlandsrennet skiskyting

Skigruppa, styret

# ÅRSMELDING 2024 FRIIDRETT OG TRIM

## Styre:

Magne Eivind Glomnes, leiar  
Vibeke Valdal Myeza, nestleiar  
Jürg Barthel, kasserar

Varamedlemar: Dagrunn Rem, Anita Dyb Linge, Anniken Hjellbakk Hole, Øyvor Grue Berdal.

## Styrearbeid:

Det har vore eitt styremøte i 2024, elles har det vore kontakt via messenger.

## Tal på aktive, aldersfordeling

Talet på aktive deltagarar er relativt stabilt. Det er god oppslutning i dei yngste klassane på friidrettscupen, men stadig færre deltagarar over 11 år. På sykkeltrimmen vart det veldig bra oppslutning i 2024 og fjelltrimmen vart om lag som i fjar.

## Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Det har ikkje vore gjort noko i høve anlegg, drift og vedlikehald i 2024.

## Arrangement:

### Fjordstafetten

Fjordstafetten vart arrangert i Eidsdal i april med laber deltaking frå Valldal. Vi greidde berre å stille med eitt lag i år og det er for dårlig. Her bør det mobiliserast og jobbast aktivt med fleire lag også når stafetten er på bortebane.

### Sykkeltrim

1. mai vart det arrangert sykkeltrim med heile 152 deltagarar. 84 vaksne og 68 barn deltok i det flotte vårværet. Dette er nesten rekord for dette arrangementet.

### Friidrettscup

Det vart også dette året arrangert fire friidrettscupar på Omnos, to før sommarferien og to etter. Totalt 60 barn har deltatt, og 40 fekk samanlagtpremie for deltaking i minst tre av cupane. Det er om lag som det har vore dei siste åra. Faste øvingar er 60-meter lengdehopp og ballkast, og ein litt lenger løpedistanse til slutt.

### Trimpistar

I 2024 var det 30 trimpistar å velje mellom, frå Vardefjellet til Skarfjellenden og Reindalssetra. Dei fleste nyttar seg av elektronisk tur-registrering gjennom georeg.no. Registreringa er gratis, men vi oppmodar alle som nyttar seg av trimpistane om å kjøpe trimkort for å dekke kostnadane med drifta . 24 barn og 36 vaksne leverte trimkort og er med i trekninga av premiar. Trekninga blir gjennomført i starten av neste fjelltrimsesong.

### Ribbemarsj

Det vart ikkje arrangert ribbemarsj i 2024 på grunn av laber oppslutning dei siste åra.

### Sommararrangement

Mefjellet opp og minidilten/jordbærdilten vart arrangert dei to siste helgene i juli. Desse arrangementa blir arrangert av heile idrettslaget og er omtalt i årsmeldinga til hovudlaget.

## **Aktivitet, trening, konkurrsar – og resultat**

Det har ikkje vore gjennomført organisert trening i 2024. Nokre løparar har delteke på konkurransar på landeveg, terreng eller motbakke.

### **Økonomi:**

Rekneskapen viser eit overskot på kr. 10.113 i 2024.

Kostnader ved arrangement utgjer 25.709. I tillegg kjem det litt andre utgifter. Inntekter frå arrangement utgjer kr. 43.720 og dette er 12.000 meir enn i 2023.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på ulike arrangement og turmål i 2025.

Valldal 11. mars 2025

Friidrett og trim, styret